



Uskedalselva er ei flaumelv med godt fiske i 2016.

Etter pålegg frå Brønnøysundregistra vert Uskedal grunn- og elveigarlag eit samvirkeføretak. Lova frå 2008 seier at eksisterande selskap med avgrensa ansvar skal vera eit samvirkeføretak med registrering i Føretaksregisteret. Formelle vedtak vert gjort på årsmøte i morgon, torsdag 26. januar. på Stemneplassen.

Årsmøte må godkjenne dei endringane som må gjerast med vedtektene. Dette gjeld mellom anna informasjon om andelsinnskott, om forrenting og om tilbakebetaling ved utmelding. Vedtektene skal også sei noko om korleis overskotet skal nyttast. Til møte i morgon føreligg det framlegg til endra vedtekter som er i samsvar med organisasjonsforma samvirkeføretak.

Av andre endringar vert vedtektene gjort kjønnsnøtrale. Talet på varamedlemer vert gjort om frå fem personlege varamedlemer til to ordinære varamedlemer. Laget har i dag knappe 50 medlemer.

Det føreligg ei fylldig og godt skriven årsmelding med mange gode problemstillingar og handlingstiltak i åra framover. Anbjørn Høvik har vore styreleiar i 2016. Uskedalen.no vil skriva meir etter årsmøte.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal